



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 22.08.2019 kl. 15:15-18:15

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Ingvild Loftheim	Medlem
Terje Mork	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Egil Helge Tjønneland	Varamedlem

Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Halldis Rørvik	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	U	Tittel	Sakshandsamar
SR 2019/31		Godkjenning av innkalling og sakliste	RUNE ZIENER
SR 2019/32		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 02.05.2019	RUNE ZIENER
SR 2019/33		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2019/34		Kyrkjevalet 2019. Godtgjersle i samband med kyrkjevalet	RUNE ZIENER
SR 2019/35		Kyrkjevalet 2019. Oppnemning av stemmestyre	RUNE ZIENER
SR 2019/36		Kyrkjevalet 2019. Plan for vidare organisering av kyrkjevalet	RUNE ZIENER
SR 2019/37		Offerliste ut 2019	RUNE ZIENER
FR 2019/38		Budsjettjustering, drift 2019	RUNE ZIENER
FR 2019/39		Lysekroner Askvoll kyrkje	RUNE ZIENER

Askvoll, 22.08.2019

Rune Ziener
referent

SR 2019/31 Godkjenning av innkalling og sakliste

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste som dei ligg føre.

SR 2019/32 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 02.05.2019

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 02.05.2019

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet i Askvoll sokneråd 02.05.2019

SR 2019/33 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2019/18 KRYSS-Revisjon: *Revisjonsmelding 2018 - Askvoll sokn* (01.04.2019)

M 2019/19 *Referat frå Askvoll kyrkjelydsutval 7. august 2019*

M 2019/20 Advokatfirma Blikra, Slotterøy & Fonn AS: *Vedr. pengegave fra Holmedal Hestetrygdslag* (24.06.2019)

M 2019/21 Gunn Elin Sætre: *Vedr. faktura* (08.08.2019)

M 2019/22 Bente Vangdal Espenes (KA): *Vedr. Vilnes kirke og kirkegård* (28.06.2019)

M 2019/23 Ny sokneprest i Askvoll. Presentasjonar og ein samtale om kyrkjelydsarbeidet og gjensidige forventningar.

M 2019/24 Drøfting: *Korleis kan vi utvide og auke aktiviteten i kyrkja vår?*

M 2019/25 *Referat frå møte i kyrkjelydsutvalet i Kvammen 20.08.2019*

M 2019/26 Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nærings- og kulturavdelinga: *Svar - Parkeringsplass ved Vilnes kyrkje* (21.08.2019)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande presiseringar:

Til M-sak 21: Det vert ikkje krevd betaling for utlån av Vilnes kyrkje for konsert i samband med Krabbefestivalen. Ein vil seinare vurdere prinsipp for kva type arrangement i kyrkjene det vert krevd betaling for.

Til M-sak 24: Ein arbeidar vidare med spørsmålet om korleis ein kan utvide og auke aktiviteten i kyrkjene i Askvoll. Ein vil og vurdere moglegheiten av å knytte ein stillingsressurs til arbeidet med "å fylle kyrkjene".

Til M-sak 25: Kyrkjeverja arbeider vidare med å finne ei løysing for støydemping i Kvammen kapell.

Til M-sak 26: Soknerådet ønskjer å oppretthalde søknaden om å etablere ny parkeringsplass sør-vest for Vilnes kyrkje. Kyrkjeverja følgjer opp dette overfor biskopen.

SR 2019/34 Kyrkjevalet 2019. Godtgjersle i samband med kyrkjevalet

UTGREIING

Det er bevilga kr 35 millionar i direktetilskot til dei dei kyrkjelege fellesråda i statsbudsjettet for å gjennomføre kyrkjevalet i 2019. Askvoll sokn har motteke kr 51.325,- i tilskot. Det er forutsett at tilskotet skal nyttast til utgifter i samband med valet.

I hovudsak er dette utgifter til:

- godtgjersle til valmedarbeidarar
- reiseutgifter for valmedarbeidarar
- materiell
- informasjon

Hovuddelen av utgiftene til valet vil vere godtgjersle til valmedarbeidarane.

Soknerådet må fatte vedtak om kva refusjons- og godtgjerslesatsar ein skal nytte.

Så langt det passar, kan ein gjerne nytte det ordinære regulativet for godtgjersle i soknet.

Aktuelle satsar her er:

- refusjon for tapt arbeidsforteneste med inntil kr 1.600,- pr. dag/ kr 213,- pr.time
- møtegodtgjersle kr 368,04 pr. møte
- reiseutgifter

Valstyret:

Valstyret skal samlast til opptelling og valoppgjær på kveldstid etter valet. Valstyret skal vere vedtaksført, så minimum seks medlemmer må stille.

Stemmestyra og nominasjonskomitéen:

Dei fleste som er spurte om å vere med i stemmestyra vil ikkje ha krav på refusjon for tapt arbeidsforteneste, så slike kostnader vil vere begrensa. I alle høve bør dei i stemmestyra som ikkje har krav på refusjon få ordinær møtegodtgjersle.

I tillegg bør ein yte reisegodtgjersle etter ordinære satsar til alle som medverker ved kyrkjevalet.

INNSTILLING

1. Valstyret får ordinær møtegodtgjersle for oppmøte i samband med valoppgjæret 9. september.
2. Medlemmer av stemmestyra og nominasjonskomitéen får kompensert for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglement for soknet.
3. Medlemmer av stemmestyra som ikkje kvalifiserer for refusjon av tapt arbeidsforteneste får ordinær møtegodtgjersle etter gjeldande reglement for soknet.
4. Alle valmedarbeidarar får dekkja reiseutgifter i samsvar med gjeldande reglement for soknet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valstyret får ordinær møtegodtgjersle for oppmøte i samband med valoppgjæret 9. september.
2. Medlemmer av stemmestyra og nominasjonskomitéen får kompensert for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglement for soknet.
3. Medlemmer av stemmestyra som ikkje kvalifiserer for refusjon av tapt arbeidsforteneste får ordinær møtegodtgjersle etter gjeldande reglement for soknet.
4. Alle valmedarbeidarar får dekkja reiseutgifter i samsvar med gjeldande reglement for soknet.

SR 2019/35 Kyrkjevalet 2019. Oppnemning av stemmestyre

UTGREIING

Det skal vere eit stemmestyre for kvar av dei seks stemmekrinsane i soknet. Valstyret (soknerådet) oppnemner desse.

Etter valreglene skal det vere minst to stemmemottakarar til stades. Det er likevel å tilrå at fire valfunksjonærer er til stades samtidig.

- To som tek imot stemmer
- Ein som rettleier
- Ein ekstra til stades, slik at ein kan ta pauser etc.

Det er også viktig at ein har t.d. to varamedlemmer pr. stemmestyre slik at dei kan tre inn ved eventuelt behov.

Kyrkjeverja vil prøve å ha fleire aktuelle namn til stemmestyra klare på møtedagen 22. august, men førebels har desse sagt seg villige til å vere med i stemmestyra:

Krins	Kl	Stemmestyre
Bulandet og Værlandet	13:00- 18:00	Kathrin Sunde Rogne (leiar) Synnøve Melvær Asta Landøy Arne Fedøy
Atløy	13:00- 18:00	Oddgunn K Grane Ester Hugøy Kirsten Grane Else Stølen Lillian Oddekalv Gjervik (vara)
Askvoll	09:00- 19:00	Ragnhild Holmelid Astri Helle Ingvild Strømmen (tidleg vakt) Linda Karin Solheim Arild Kristiansen Aud Frøholm (kl 1700-1900) Oddvar Indrebø (vara)
Holmedal	09:00- 18:00	Marit Veberg Ask Kari Berit Ness (tidleg vakt) Jorunn Bull Karen Espedal (sein vakt)
Stongfjorden	13:00- 18:00	Lasse Vie (leiar)

Gjelsvik	13:00- 18:00	Marit Leknes Gryte (leiar) Randi Solhaug Egil Helge Tjønneland Anne Marie Sve Mandelid
----------	--------------	---

INNSTILLING

1. Valstyret i Askvoll sokn oppnemner stemmestyre for kvar av stemmekrinsene slik det går fram av tabellen over samt dei namna som vert lagt fram i møtet.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å komplettere røystestyra om det viser seg at ein manglar folk.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valstyret i Askvoll sokn oppnemner stemmestyre for kvar av stemmekrinsene slik det går fram av tabellen over samt dei namna som vert lagt fram i møtet.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å komplettere røystestyra om det viser seg at ein manglar folk.

SR 2019/36 Kyrkjevalet 2019. Plan for vidare organisering av kyrkjevalet

UTGREIING

Torsdag 5. september

Førhandsstemminga er ferdig torsdag 5. september kl 1500.

Det er å tilrå at alle valførebuingar vert gjort ferdige denne dagen med følgjande:

- 1) I forkant av lokalt valkurs vert alle forhåndsstemmegjevingar prøvd. Soknerådet bør gi fullmakt til 2-3 personer til å foreta denne prøvinga.
- 2) Kyrkjeverja held lokalt valkurs for valstyret (soknerådet) og stemmestyra kl 1730.
- 3) Alt valmateriell som skal ut i valglokala vert delt ut. Komplette valmateriell kan ikke utleverast før prøving av forhåndsstemmene er foretatt.

Valdagen 9. september

Valstyret (soknerådet) må være vedtaksført og møte kl 1800 til opptelling og valoppgjær. Soknet har to disponible plassar i ambulansébåten som vert sett opp frå Bulandet/Værlandet for å frakte valurnene til Askvoll.

INNSTILLING

1. Prøving av førhandsstemmegjevingar skjer på kyrkjekontoret 5. september kl. 16.00. Wenche Ness Gabrielsen og kyrkjeverja har fullmakt til å føreta denne prøvinga.
2. Opplæring av valstyre og stemmestyre (lokalt valkurs) vert sett opp torsdag 5. september kl 17.30.
3. Soknerådet møter til valoppgjær på Askvoll kyrkjekontor 9. september kl. 18.00.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Prøving av førhandsstemmegjevingar skjer på kyrkjekontoret 5. september kl. 16.00. Wenche Ness Gabrielsen og kyrkjeverja har fullmakt til å føreta denne prøvinga.
2. Opplæring av valstyre og stemmestyre (lokalt valkurs) vert sett opp torsdag 5. september kl 17.30.
3. Soknerådet møter til valoppgjær på Askvoll kyrkjekontor 9. september kl. 18.00.

SR 2019/37 Offerliste ut 2019

UTGREIING

Gudstenesteplanen t.o.m. desember 2019 er lagt.

Lista må kompletterast med offerformål.

I lista er sett inn førebels innkomne forslag frå kyrkjelydsutvala, samt allereie vedtekne offerformål (i feit skrift).

Ytterlegare forslag vert innarbeidd etter kvart som dei kjem inn, eller lagt fram i møtet.

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	25.08.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Kirkens SOS i Bjørgvin
Askvoll kyrkje	15.09.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Askvoll kyrje
Askvoll kyrkje	29.09.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Leger Uten Grenser
Askvoll kyrkje	13.10.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	TV-aksjonen (Care)
Askvoll kyrkje	27.10.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Skilbrei ungdomssenter
Askvoll kyrkje	17.11.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Lørdagsklubben
Askvoll kyrkje	01.12.2019	18:00	Søndag	Lysmesse	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	20.12.2019	13:40	Fredag	Skulegudsteneste	Ikkje offer
Askvoll kyrkje	24.12.2019	16:00	Tirsdag	Julaftangudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2019	16:00	Tirsdag	Minnegudsteneste	Ikkje offer
Bulandet kapell	08.09.2019	10:30	Søndag	Gudsteneste	Bulandet kapell
Bulandet kapell	13.10.2019	10:30	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Bulandet kapell	10.11.2019	10:30	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	25.12.2019	13:00	Onsdag	Høgtidsgudsteneste	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	01.09.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Holmedal kyrkje	06.10.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	
Holmedal kyrkje	03.11.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	
Holmedal kyrkje	08.12.2019	17:00	Søndag	Gudsteneste	
Holmedal kyrkje	24.12.2019	14:00	Tirsdag	Julaftangudsteneste	
Kvammen kapell	01.09.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Søndagssk.forbundet Region Bergen
Kvammen kapell	27.10.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Kvammen kapell	17.11.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Vilnes kyrkje	25.08.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Vilnes kyrkje	15.09.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Skilbrei ungdomssenter
Vilnes kyrkje	06.10.2019	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kumle Bedehus
Vilnes kyrkje	03.11.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Vilnes kyrkje	01.12.2019	15:00	Søndag	Gudsteneste	Vilnes kyrkje
Vilnes kyrkje	24.12.2019	12:00	Tirsdag	Julaftangudsteneste	Kirkens Nødhjelp

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

2. Kyrkjelydsutvalet i Holmedal har fullmakt til å komplettere offerlista.

FR 2019/38 Budsjettjustering, drift 2019

UTGREIING

Grunna ulike forhold som har oppstått gjennom budsjettåret er det nødvendig å gjere visse endringar i vedteke driftsbudsjett.

Kap. 04100 Kyrkjeleg administrasjon:

Her er det ikkje større avvik, men pr. august er det brukt ein god del mindre i lønnsmidlar til administrasjon enn budsjettet for perioden.

I endringsforslaget er det føreslege kr 10.000,- i lønnsmidlar overført til kurs- og konferansmidlar, då 2019 vil ha relativt høge utgifter her mellom anna pga. stiftsdagar og kyrkjeverjenes landskonferanse 2019.

Kap. 04200 Kyrkjer:

Her ligg an til noko meirforbruk på lønnsutgifter (særleg utgifter til vikar). Kr 10.000,- er føreslege overført frå kapittelet kyrkjeleg administrasjon.

For diverse driftsutgifter og materiell i dette kapittelet er det meste av budsjettet på kr 37.000,- oppbrukt pr. august. Kr 7.000,- er derfor føreslege brukt frå tilsvarande budsjettpost i kapittelet kyrkjeleg administrasjon.

Når det gjeld vedlikehald av bygg og inventar, har ein så langt i år gått ein god del over budsjettet. Reparasjon av dørar og vindu på Stongfjorden kapell og grusing av uteområdet ved Kvammen kapell har teke over heile summen (om lag kr 50.000,-) som var sett av til uføresett vedlikehald på kyrkjebygg og gravplassar. Reparasjonane på Stongfjorden kapell, som utgjer kr 34.500,- er derfor føreslege finansiert med bruk av bunde fondsmidlar til kapellet. Dette vil gje soknerådet noko meir handlingsrom uføresette utgifter til kyrkjebygg.

Vidare er det i justeringsforslaget føreslege at ein nyttar kr 7.000,- frå bunde fond til musikkutstyr i Askvoll kyrkje for å stemme og få sett inn luftfuktar i pianoet i Askvoll kyrkje no i haust. Pianoet vil verte stemt denne hausten, men det er i tillegg tilrådd at ein får inn luftfuktar.

Kap. 04300 Gravplassar:

Her er det brukt ein del mindre enn budsjettet til lønnsutgifter så langt i år.

Vidare har det pr. august vore eit vesentleg lågare tal gravferder enn tidlegare snitt, så her må ein pårekne at det vert mindre utgifter mellom anna til graving enn budsjettet. Utgiftene til graving pr. august ligg an til å vere i underkant av kr 100.000,-, og saman med andre påløpne utgifter vil ein pr august 2019 ha brukt under kr 140.000,- av budsjetterte kr 230.000,- for heile året.

Om gravferdstalet held seg på same nivå ut 2019, vil ein ha ei overbudsjettering på om lag kr 50.000,- for graving og andre driftsutgifter på gravplassane.

Ikkje budsjetterte vedlikehaldsutgifter på gravplassane beløper seg til omkring kr 30.000,- så langt i år. Dette er takreparasjonar og bytte av dørar og vindu på portalen til Værlandet gravplass. Her er det óg innmeldt eit ønskje om å male heile portalen, til anslege kostnad kr 10.000,-

Pr. august har ein fått sjukelønnsrefusjon kr 38.000,- over budsjettet, men på den andre siden ligg ein framleis kr 68.000,- under budsjettet på festeavgifter.

For dette kapittelet vil kyrkjeverja tilrå følgjande:

- Utgifter til å få sett portalen til Værlandet gravplass heilt i stand (kr 40.000,-) i hovudsak

vert finansiert med ikkje-budsjettert sjukelønnsrefusjon (kr 38.000.).

Om ein gjer det slik (inkludert fondsfinansiering på uforutsette tiltak på Stongfjorden kapell), vil ein ha om lag kr 12.000,- resterande i 2019 til uføresett vedlikehald.

-Mindreinntekt på festeavgifter (stipulert kr 50.000,-) vert dekkja inn med kr 10.000,- i mindre lønnsutgift, samt kr 40.000,- i reduserte andre utgifter til gravplassar.

Justeringsforslag talldel:

Budsjettjustering 2019		Utg.ned/	Utg. ned/
Konto	Kontotekst	innt. opp	innt. opp
30100.200.04100.000	Fast lønn	-20000	
31200.200.04100.000	Forbruksmateriell og andre utgifter	-7000	
31500.200.04100.000	Kursutgifter		10000
30200.200.04200.000	Lønn til vikar		10000
31200.200.04200.000	Forbruksmateriell og andre utgifter		7000
32300.200.04200.000	Vedlikehald m.v (St.fj. kapell)		34500
32300.200.04200.000	Vedlikehald m.v (piano i Askvoll kyrkje)		7000
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (St.fj. kapell)	-34500	
39500.200.04200.000	Bruk av bunde fond (musikkutstyr Askvoll kyrkje)	-7000	
30100.200.04300.000	Fast lønn	-10000	
31200.200.04300.000	Forbruksmateriell og andre utgifter	-40000	
32300.200.04300.000	Vedlikehald m.v. (Værlandet gravplass)		38000
36301.200.04300.000	Festeavgifter		50000
37100.200.04300.000	Refusjon sjukepengar	-38000	
<i>Sum</i>		<i>-156500</i>	<i>156500</i>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2019 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2019 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2019/39 Lysekroner Askvoll kyrkje

UTGREIING

Dei to lysekronene i Askvoll kyrkje frå 1859 har vore til fullrestaurasjon siste om lag 2,5 åra. Verkstaden (gjørtlaren) i Bergen som var nytta hadde ikkje kapasitet til å ferdigstille arbeidet heilt.

Ein vil difor ferdigstille arbeidet lokalt i Askvoll (mellom anna å slutføre arbeidet med ledningsføring på lysekronene).

Det har vore drøftingar og komme inn forslag lokalt om at ein bør bytte ut pærehaldarane, som pr. i dag er messing-/bronsefarga, med kvite lyshylser, samt bytte pæretype til eit meir diskret, og mindre varmfarga ledlys for å gjenskape eit meir autentisk inntrykk, då at dette opphavleg er lysekroner for stearinlys, som er ombygd til elektriske lamper i seinare tid.

Spørsmålet er førelagt Riksantikvaren sin kirkebyggsjef, som seier ho synest at dette vil vere ei god løysing for lysekronene.

Biskopen sin rådgjevar i kirkebyggsaker ønskjer ei formell søknad på ei slik eventuell endring av fast kyrkjeinventar.

Den eine lysekrona manglar to armar.

Ein har motteke tilbod frå metallstøpar i Trondheim, om at ein kan få laga to nye til ein pris av omkring kr 10.000,-

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer å bytte ut eksisterande pærehaldarar/lyshylser på dei gamle lysekronene i Askvoll kyrkje med kvite, noko høgre hylser for å gjenskape inntrykket av dei opphavlege stearinlysekronene.
2. Søknad om endringa vert oversendt biskopen i Bjørgvin.
3. Ein kjem eventuelt seinare tilbake til spørsmålet om ein ønskjer å få støypt nye lysekronearmar som erstatning for dei to som manglar.

MØTEHANDSAMING

Det vart sett fram forslag i møtet frå Aud Frøholm om slik endring av vedtaks punkt 3:

3. Soknerådet ønskjer å få støypt nye lysekronearmar som erstatning for dei to som manglar.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer å bytte ut eksisterande pærehaldarar/lyshylser på dei gamle lysekronene i Askvoll kyrkje med kvite, noko høgre hylser for å gjenskape inntrykket av dei opphavlege stearinlysekronene.
2. Søknad om endringa vert oversendt biskopen i Bjørgvin
3. Soknerådet ønskjer å få støypt nye lysekronearmar som erstatning for dei to som manglar.